

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 11.04.2023

Til stades: Ole Gisle Vassel, Thorleif Gjernes, Angunn Handegard Trå, Oddmund Skeie, Jon-Harald Huus, Veslemøy Mjelde, Guri Bugge og Kaia Gulbrandsen

Forfall: ingen

Referent: Kaia

**Sak 2023/26: Godkjenning av innkalling og dagsorden.** Godkjent

**Sak 2023/27: Godkjenning av referat frå styremøte 14.03.2023.** Godkjent

**Sak 2023/28: Konstituering av styret.**

Leiar: Ole Gisle Vassel (valt av årsmøtet)

Nestleiar: Thorleif Gjernes

skrivar: Kaia Gulbrandsen

kasserar: Angunn Handegard Trå

Nytt styre etter val på årsmøte 26.03.2023:

Kaia Gulbrandsen, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Jon Harald Huus, Veslemøy Mjelde, Guri Bugge, Ole-Gisle Vassel.

Varamedlemer:

1. Oddmund Skeie, 2. Ingrid Stranden Haavik, 3. Jon Steinar Skeie.

Kasserar meldar nytt styre inn til Brønnøysundregisteret.

Valnemnda: Nytt medlem etter val er Reidun Haugen Dalseth.

Vidareføre arbeidsutval frå 2022/2023 med Angunn, Kaia og Ole til 2023/2024.

**Sak 2023/29: Eigedomar:**

- Asfaltering av plassen ved kulturhuset, Ole vil kontakte kommunen for å undersøkje om støtte til tiltaket.
- Kople frå og fjerne feittutskiljar utanfor Meieriet. Thorleif har tinga Hallvard Samland til å utføre jobben, planlagd utført før 1.mai. Meieriet har bestilt ny utskiljar til montering i kjøkkenet.

**Sak 2023/30: Tilstellingar:**

Bygdedugnad laurdag 29.04.2023 kl. 10.00, oppmøte på kulturhuset. Mat i

bedehuset kl. 13.00. Ta gjerne med enkel reiskap. Velkommen til alle!

Styret laga liste over arbeid og innkjøp.

**Sak 2023/31: Økonomi:**

- Kasserar la fram rekneskapsoversikt for 1. kvartal 2023.
- Kasserar har sendt søknad til Hardangerstiftinga om meir støtte til asfaltering av plassen ved kulturhuset.

**Sak 2023/32: Herand Kulturhistoriske senter:**

Organisering, opningstider i år. Utlysing av sommarjobb som museumsvakt i juli, ope tysdag-sundag 12-16. Helga i uke 25 og 26 i juni og uke 31 og 32 i august. Guri tek vakt ein del vekedagar i juni, ho kan kombinere dette med heimekontor.

**Sak 2023/33: Andre saker/eventuelt:**

- Jondal leirskule kjem til Herand ein dag i mai, dei skal på Kulturhistorisk Senter, Båtbyggjermuseum og oppgangssag. Avtale kr 100,- pr elev, pluss leige av gymsal.
- Kommunen inviterer til fagdag om bustadutvikling onsdag 26.04 kl. 12-16. Ole og Kaia møter for bygdelaget.
- Thorleif sjekkar pris på ny ytterdør til kulturhuset.
- 17.mai komiteen er i gang med sitt arbeid.

**Neste styremøte tysdag 09.05.23 kl. 19.00 på Herand kulturhus**